



Eit tysk seglfarty på Nesjavikjo i sommar.


For nokre veker sidan la ein tysk seglbåt seg til på Nesjavikjo, vikjo nord i Holmsund. Nesjavikjo er ikkje ein ankringsplass på draftet. Det er heller ikkje Stølavikjo, slik det har vore i alle år. Grunnen er truleg nedsenka avløps- og overvassledningar frå pumpestasjonen ved Uskedal skule til Børnes reinsestasjon.

Draftet frå 1975 syner elles ankringsplassar for mindre farty på Nore og Søre Skorpevågen. Kvar sommar kjem det større seglfarty og finn god ankringsplass på Skorpevågen. Vågsneset er merka på nye digitale kart som ankringsplass.

Draftet frå 1975 syner anker- og fortøyningsbøye på Beinavikjo. I tida med drift på hermetikkfabrikken og sildoljefabrikkane låg det ofte skuter på svai i bøyen. Motorskøyta SVANEN hadde sin faste fortøyningsplass i bøyen. Lenge var fortøyningsbøyen borte, men no er det i privat regi på plass ein mindre bøye om lag på same plassen.

Både nord og sør for Skorpo finn i fleire fortøyningsboltar i land, som til dømes på Jektholmen, Vågsneset. og på Fiskeneset inn mot Eidsvikjo. Uskedalen.no er takksam for opplysningar som kan dokumentera denne delen av vår marine historie.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Draftet fra 1975 syner ankringsplassane for mindre farty. PÅ digitale kart er Stølvikjø teken bort, truleg fordi det er nedsenka sjøkablar i område. Anker- og fortøyingsbøyen på Beinavikjø er merka på sjøkartet.